



BYGDA PÅ DUGNAD: Over 50 namn har vore involverte når bygdefolket på Kalland i Naustdal har arbeidd på dugnad. Målet er å vere ferdig med bygget til våren, om finansieringa går i orden. Foto: Janne G. Sörgulen

Her skal nye idear lagast

NAUSTDAL: To år etter nedlegging av butikken er innbyggjarar i Dalen nær realisering av ny butikk og aktivitetshus på Kalland.

JANNE G. SØRGULEN
janne.sorgulen@firda.no 41694690

Bygget, som er laga på same grunnmur som tidlegare Nærkjøp Kalland, skal etter planen huse både butikk, kjøkken, kontor og eit felleslokale. Eigedommen vart kjøpt opp av bygdefolket i Dalen via Dalen Nærings-senter AS. Kva føremål bygget kan brukast til er mange.

– Målsetjinga er at dette kan bli ein stad der vi kan klekke ut nye idear for å lage nye aktivitetar

■ Har fått 300.000 kroner til butikk- og aktivitetshus

NYTT BUTIKKLOKALE

■ Då Nærkjøp Kalland vart nedlagd i 2009, kjøpte bygdefolk i Dalen Nærings-senter bygget. Det siste året har bygda arbeidd på dugnad og totalrenovert huset. Joker vert truleg den nye butikken.

i området, seier medlem i nærings-senteret, Jan Herstad.

Bygdefolket skal etter kvart samlast for å diskutere akkurat kva aktivitetar huset kan romme, i tillegg til butikk.

– Men det kan vere alt frå ein form for resepsjon for turistar der

dei kan få informasjon, til ein stad der ein kan kjøpe fiskekort eller å samorganisere utleige av gardshus i området. Vi ønskjer å skape arbeidsplassar som ikkje er her i dag, seier Herstad.

Treng 2,4 millionar

Sidan totalrenoveringa av lokalet starta for rundt eitt år sidan, har alt arbeid vore basert på dugnad.

– Kostnadene hittil har vore på rundt 500 000 kroner. Vi trur vi treng to millionar kroner til, for å få bygget heilt ferdig, seier styreleiar i Dalen Nærings-senter, Arvid Savland.

Nærings-senteret har samla sett fått over 500.000 kroner frå

Sunnfjord Næringsutvikling og Fylkesmannen. Nyleg fekk dei òg 300.000 kroner frå Merkur, eit kompetansehevingsprogram for utkantbutikker i regi av Kommunal- og regionaldepartementet.

– Denne støtta var veldig avgjerande for at vi no kjem oss vidare med prosjektet og får realisert planane, seier Savland.

Jobben framover blir å skaffe meir tilskot og aksjekapital, eventuelt å ta opp eit lån for å komme i mål, seier styreleiar.

Over 50 på dugnad

Bakgrunnen for at arbeidet med bygget starta, var to spørjeundersøkingar blant bygdefolket om

dei ønskte å vere med på å få sett i stand bygget på nytt og skape aktivitet.

– Tilbakemeldingane er at folk synest det har vore kjekt å arbeide her. At det har vore veldig sosialt, seier Herstad.

– Allereie i dag er lokalet ein møtestad. Dugnadslista har romma over 50 namn, seier Savland.

Staden er allereie i dag ein møtestad.

Dugnadslista har romma over 50 namn

Arvid Savland, styreleiar Dalen Nærings-senter